



Tysnes Arbeidarparti

# Saman får me til meir!

# 2023 2027



# Kjære veljar

Det er ikkje likegyldig kven som sit med makta, korkje i kommunane eller i kongeriket. Kommunale velferdstilbod og det kommunale sjølvstyret er satsingsområde for Tysnes Arbeidarparti. Og når kommunepolitikarar skal fordela ressursar er det viktig kva for grunnsyn dei har.

Gode kommunale tenester heng saman med god kommuneøkonomi, og god kommuneøkonomi heng saman med kor mange som til ei kvar tid bur i kommunen. Ei viktig fellesoppgåve er difor å skapa vilje til å bu på Tysnes.

Tysnes Arbeidarparti vil ha eit samfunn der me tek vare på kvarandre, der godane vert fordelte på ein rettferdig måte og der likskapsidealet rår.

Tysnes Arbeidarparti vil vera ein pådrivar for å dra samfunnet vårt i rett lei. Me ønskjer eit inkluderande lokalsamfunn og me ønskjer fellesskapsløysingar.



Så er det val igjen, og me i Tysnes Arbeidarparti håpar du vil bruka røysteretten din. På denne måten er du med på å leggja grunnlaget for kva for kommunepolitikk me skal ha dei neste fire åra.

Me i Tysnes Ap er opptekne av at me skal ha levande lokalsamfunn, der ein kan bu, jobba og ha ei meningsfull fritid. Me ønskjer eit samfunn med små forskjellar og rettferdig fordeling, der me alle jobbar i fellesskap for å gjera Tysnes til ein enno betre plass å bu og veksa opp på.

Kommunen skal gje deg eit heilskapleg tilbod av høgste kvalitet, og dette tilbodet skal følgja deg gjennom heile livet; i barnehagen, i skulen, når du er sjuk eller treng andre helsetenester og når du treng hjelp i alderdommen. Alle skal få like moglegheiter og alle skal vera trygge på at dei blir tatt vare på.

Tysnes Arbeidarparti vil jobba hardt for å få til det du kan lesa om i dette programmet. I alle samanhengar vil me jobba for det me meiner vil tena Tysnes-samfunnet best; anten det er lokalt, regionalt eller nasjonalt.

Eg håpar du vil lesa programmet vårt, og har du spørsmål til det eller det er andre ting du lurar på, så ta kontakt! Me er her for deg.

Godt val 11. september!



Det er viktig at dei som bur i Tysnes kommune føler at dei høyrer til i lokalsamfunnet og kjenner nærleik til dei som tek avgjerder. Me ønskjer at innbyggjarane skal vera politisk aktive og engasjerte. Det skal vera enkelt for alle å få innsyn i kommunale saker. Me skal vera garantistar for ei ansvarleg økonomisk styring, slik at born, ungdom, funksjonshemma og eldre får eit godt tilbod og blir godt tekne vare på.

### TYSNES ARBEIDARPARTI VIL (samandrag):

- at kommuneplanen skal leggja til rette for nye verksemdar og utbygging.
- at ny E-39 frå Stord til Os, for tida det viktigaste samferdsleprosjektet i landet, også skal koma Tysnessamfunnet til gode. Tysnes Ap vil arbeida for at dei som bur i Tysnes kommune skal få mest mogleg att for denne satsinga. Dette føreset god kommunal planlegging, og at kommunen straks går i dialog med Statens vegvesen om planar for tilførselsvegar opp mot nye E-39
- ha ein skule med fokus på spennande og nyskapande pedagogikk, med vekt på gode læringsmiljø
- oppretthalda ei god legevaktordning, ei god tannhelseteneste og eit bemanna politikontor
- arbeida for god mobildekning. Hopsundet – Amland, Vevatnet – Skaret, Vermedal – Onarheim, og fleire andre strekkjer, har framleis for dårlege signal
- at eldre skal få vera sjefar i eigne liv – med kommunen som profesjonell medspelar
- at ferjesambanda våre skal ha lengre opningstider enn i dag
- ha fleire og ulike bualternativ for dei som ønskjer å busetja seg i kommunen
- at kommunen skal vera i front ved bruk av digitale verktoy og nye måtar å organisera arbeidet på



Synnøve Bakke



Asbjørn Myklestad



Anna Haaland Haugsjerd



Dag Måkestad



Martin Heie



Anne Merete Fjeldstad



Beye Mebrathu



Ingrid Tysnes Stue



Martin Bildøen Fjeldstad



Ingrid Restad



Rolf Simonsen



Monica Hoff Utne






Marit Helen Helgesen



Tclebrahn Semmere

Cecilie Fagerbakk  
Hauge-Hansen

Ivar Magne Nordbustad



John Roar Kongsvik



Anita Lande



Steffen Færeveaag



Jorunn Elise Røen



Britt Ersvær



**Tysnes Arbeidarparti** vil ha eit  
sterkt og solidarisk lokalsamfunn,  
med eit felles ansvar for trivsel,  
vekst og utvikling.

**Alle skal med!**

## BARN OG UNGE

Det er viktig at barn og unge er sikra gode kommunale tenester. Alle barn og unge skal ha rett til trygge og gode rammer.

Me vil leggja til rette for kompetanseheving og fagleg støtte for dei tilsette, og ha fokus på undervisningskvalitet. Det er gjennom barna me skapar framtida.



### ME VIL:

- at alle som søker plass i barnehage skal få det – og at kommunen framleis skal ha løpande opptak i barnehagane
- styrka intern opplæring i barnehagane, og sikra at også tospråklege barn får ei fagleg god språkopplæring
- halda fram med symjeopplæring i barnehagane
- framleis ha eit skuletilbod på Onarheim for dei yngste elevane og 1. – 4. klasse på Uggdal skule
- rusta opp og utvida Uggdal skule
- at Tysnesskulen skal ha høg fagleg og pedagogisk kvalitet, og trivelege læringsmiljø
- ha tett samarbeid mellom barnehage og skule, og mellom skulane, for å sikra gode overgangar for elevane
- satsa på ein aktivitetsskule og ein SFO med læring, tid til lekser og fysisk aktivitet, i samarbeid med lag og frivillige organisasjonar
- leggja vekt på at skulane sine handlingsplanar blir følgd opp, og kvalitetsikra tiltak som gir alle elevane ein trygg og god skulevardag.
- at dei som jobbar tett med barn og unge har handlingskompetanse og arbeider førebyggjande
- behalda «Kulturbussane»
- Leggje til rette for at seniorar, lag og organisasjonar vert aktive bidragsytarar i skulen
- at alle skular skal arbeida aktivt mot mobbing gjennom antimobbeprogrammet OLWEUS
- utvida tilbodet om «Blå skule» frå 5. – 10. klasse til også å inkludera 1. -4. klasse. Greia ut om modellen også bør utvidast til andre typar læring utanfor klasserommet, til dømes «Grøn skule» eller andre liknande opplegg
- prioritera tidleg innsats for å fremja god psykisk helse for barn og unge
- oppretthalda «Treffstaden» og «Gamingkveld for unge vaksne», som møteplassar for unge



## KULTUR OG IDRETT

Lagsarbeid er ein viktig del av lokal kultur, og heilt avgjerande for livskvaliteten i kommunen. Kultur-arven er den grunnmuren me byggjer samfunnet vårt på. Me må respektera og ta vare på denne arven.



### ME VIL:

- at kommunen skal byggja eit nytt 25 meters basseng, med eige terapibasseng.
- støtta opp om gode initiativ og dugnadsånd i frivillige lag og organisasjonar – og vidareføra ordninga med fordeling av kulturmidlar
- ha gode integreringstiltak som kan vera med på å skapa ei felles kulturforståing. Tysnes Ap vil arbeida for endå betre integrering, ved at nye tysnesingar så snart som råd er får bruka ressursane sine i arbeidsliv og lokalsamfunn
- stimulera til eit allsidig og rimeleg tilbod i kulturskulen, med høve til å søkja om friplass.
- gje folkebiblioteket rammer som sikrar framtidssretta drift
- gje dagens seniorar gode, tilpassa kultur- og fritidstilbod
- bruka elderrådet og ungdomsrådet aktivt som høyringsinstansar
- arbeida for å oppretthalda ei god kulturminneforvaltning, og sikra at viktige kulturminne ikkje går tapt
- ha treffplassar der mange ulike grupper kan møtast, og der generasjonar kan føra vidare kunnskap om språk-, mat- og andre kulturtradisjonar
- støtta drifta av kinotilbodet i Tysnes.
- samarbeida med Tysnesfest og støtta vidare drift av festivalen
- sjå til at kommunen har kulturtilbod for alle, også for barn, unge og eldre som står utanfor det ordinære lagslivet.
- greia ut om det er grunnlag for eit kulturhus i kommunen



## HELSE OG OMSORG

Alle har ansvar for eiga helse, men fellesskapet har ansvar for alles helse. Nøkkelen til god folkehelse er forebygging, og rett hjelp til rett tid.

### ME VIL:

- stimulera tiltak som fremjar god psykisk og fysisk folkehelse
- at Tysnes kommune skal vera ein demensvennleg kommune, og få på plass ein demenskoordinator
- leggja til rette for butilbod tilpassa både unge og eldres omsorgsbehov, altså tryggleik, fellesskap og sosiale aktivitetar
- arbeida for fleire ressursar til omsorg i heimen, nok sjukeheimplassar og fleire omsorgsbustader
- sikra ei framtidig fastlegeteneste og gode akuttmedisinske løysingar på Tysnes
- oppretthalda legevaktordninga og tannhelsetenesta på Tysnes, og sikra den lokale ambulansetenesta
- redusera kraftig bruken av innleigd arbeidskraft i omsorgssektoren
- at Frivilligsentralen skal ha gode kår, slik at denne kan stimulera til å få fleire i aktivitet, til dømes treffplassar for ungdom, torsdagstur, seniortreff og besøksvenner



## NATUR, MILJØ OG FRITID

Natur og miljø er viktig for framtida vår, for eigen trivsel, for jord og skogbruk, for friluftsliv, rekreasjon og for reiseliv. Når me brukar naturen, eller gjer inngrep for å leggja til rette for framtida, må me alltid ta omsyn, slik at me ikkje er med på å øydeleggja vår eiga framtid. Tysnes Ap vil satsa på miljø- og klimatiltak som gjer at me kan ta vår del av det grønne skiftet.

### ME VIL:

- arbeida for at nye kommunale kjøretøy skal ha lågutslepp, og leggja til rette for nye ladestasjonar rundt om i kommunen
- stimulere til bygging av fleire opplyste turløyper, tilrettelagde for alle
- vidareutvikla gjenbruksstasjonen i Eredalen
- jobba for at kommunen, saman med lagslivet, skal halda strandsona rein
- utvikla hyttereneroveringsordninga i tråd med dagens krav til kjeldesortering
- vera bevisste på at bygging av ny E-39 over Tysnes vil føra til natur- og miljøinngrep. Tysnes Arbeiderparti vil arbeide for at uheldige konsekvensar blir så få og små som råd er.
- kartleggja gamle gardsfyllingar, bilvrak og anna avfall i naturen, og jobba for at dette skal kunna fjernast på ein miljømessig forsvarleg måte



## NÆRINGS LIV OG BUSETNAD

Det er viktig at Tysnes kommune tek vare på dei verksemdene me har, og samstundes legg til rette for ny-etableringar

Ein viktig del av næringsutviklinga frametter vil vera å leggja til rette for nyetableringar og nye bustadområde.

### ME VIL:

- tydeleggjere rutinar og ansvar for næringsutvikling i Tysnes kommune. Kommunen skal styrkje det som finst av støtteapparat for lokale gründarar og næringsutviklarar.
- at Tysnes kommune skal satsa aktivt på lærlingplassar i eigen organisasjon og motivera private verksemdar til å gjera det same
- at lærarar vert oppmoda om å skaffa seg rettleiingskompetanse, slik at kommunen kan ta imot lærarstudentar
- ha ein landbrukspolitik som fremjar mangfald og sikrar aktive gardsbruk på Tysnes. Ta vare på kulturlandskap
- at flyktningar, snarast mogleg etter at dei kjem til kommunen, får høve til å delta i arbeidslivet
- at kommunen skal klargjera næringsområder for utbygging, t.d. på aksen frå Eredalen til Dalland.
- at kommunen skal delta i klargjering av bustadområder.

## SAMFERDSLE

Gode kommunikasjoner er alfa og omega for livet i ein distriktskommune. Kommunen må difor heile tida arbeida for å utbetra vegar og gode hurtigbåt- og ferjesamband. Med betre infrastruktur, kan Tysnes, med god planlegging, bli ein endå meir sentral kommune i Hordaland.



### ME VIL:

- ha trygge skulevegar, og samarbeida med Statens vegvesen om å byggja gang - og sykkelsti mellom Våge og Uggdal
- gjennomføra dei prioriterte oppgåvene i Trafikksikringsplanen
- arbeida for at ferjesambanda våre skal ha fleire avgangar og lengre opningstider
- at ny E-39 frå Stord til Os, for tida det viktigaste samferdsleprosjektet i landet, også skal koma Tysnessamfunnet til gode. Tysnes Ap vil arbeida for at også dei som bur i Tysnes kommune skal få mest mogleg att for denne satsinga. Dette føreset god kommunal planlegging. Me vil difor arbeida for at kommunen straks går i dialog med Statens vegvesen om planar for tilførselsvegar opp mot nye E-39
- alt no arbeida for at ekspressbussane til Stavanger / Bergen skal få haldeplassar på Tysnes
- at reisande skal få eit meir effektivt kommunikasjons-tilbod enn i dag, og at kollektivtilboda vert samordna både på Tysnes og til kommunane rundt oss.
- ha korresponderande kollektivtilbod til og frå Haukeland universitetssjukehus og Stord sjukehus
- at elevar ved vidaregåande skular skal kunna bu heime. Hurtigbåten til Os må oppretthaldast, og det må bli enklare å pendla til Stord og Fusa Vgs.

## ORGANISASJONEN TYSNES KOMMUNE

Tysnes kommune er den største arbeidsplassen i kommunen, og me må vera bevisste på å byggja omdøme som gjer det lett å rekruttera nye medarbeidarar.

Kommunen skal sikra tryggleiken i samfunnet – nærleiken mellom innbyggjarar og folkevalde. Lokaldemokratiet fungerer best når innbyggjarane har kunnskap om kva politikarane og administrasjonen i kommunen arbeider med. Tysnes kommune må difor alltid vera ein open organisasjon, og leggja vekt på informasjonsarbeid.



### ME VIL:

- lytta til innspel frå innbyggjarane og arbeida for å få til eit godt samarbeid mellom kommunen, organisasjonane og næringslivet
- gjennom ansvarlege låneopptak sikra at ikkje gjeldsgraden i kommunen blir for høg, slik at avdrag og renter går ut over tenestetilbodet
- at det skal etablerast ein heiltidskultur i Tysnes kommune. Heiltidstilsette er ein garanti for auka kvalitet i dei kommunale tenestene
- at Tysnes kommune skal vera ein open, inkluderande og tillitsbasert organisasjon, der varsling vert teke på alvor
- at Tysnes også i framtida skal kunna vera ein trygg og god kommune å bu i. For å sikra dette, må Tysnes kommune leggja vekt på å byggja kompetanse, ta vare på kompetansearbeidsplassar og sikra eit godt kommunalt tenestetilbod